

Kopi til:

Sogn og Fjordane  
fylkeskommune

## Uavhengig attestasjonsrapport om intern kontroll av finansiell risiko

Vi har gjennomgått Sogn og Fjordane fylkeskommune sine rutinar for finansforvaltning under dette rutinar for vurdering og handtering av finansiell risiko. Gjennomgangen er gjort for tidsrommet 01.01 – 31.12.2016 og omfattar rutinane for årsrapporteringa for 2016 og rapporteringa for 1. og 2. tertial 2016.

Fylkestinget er ansvarleg for at fylkeskommunen sin finansforvaltning er underlagt reglar i samsvar med forskrift om kommunar og fylkeskommunar sin finansforvaltning.

Vår oppgåve er som uavhengig kompetanse å vurdere dei rutinane som er etablerte for å vurdere og handtere fylkeskommunen sin finansielle risiko. Vi har utført vårt arbeid i samsvar med ISAE 3000 - "Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller avgrensa revisjon av historisk økonomisk informasjon". Denne standarden krev at vi planlegg og gjennomfører kontrollhandlingar for å kunne leggje fram ein uttale med høg, men ikkje absolutt tryggleik for at det ikkje ligg føre vesentlege feil eller manglar ved rutinane for vurdering og handtering av fylkeskommunen sin finansielle risiko. Attestasjonen inneber at vi på stikkprøvebasis har kontrollert om det er samsvar mellom det dokumenterte kontrollopplegget og dei rutinane som fylkeskommunen etter forskrift om kommunar og fylkeskommunar sin finansforvaltning plikter å ha. I tillegg har vi vurdert om rutinane er høvelege til å hindre at fylkeskommunen tek på seg finansiell risiko utover det kommunelova tillet. Den stikkprøvebaserte del av kontrollen omfattar å:


- gjennomgå fylkeskommunen sin dokumentasjon av rutinar gitt på grunnlag av gjeldande finansreglement som er vedteke av fylkestinget 11. desember 2012
- vurdere om det ligg føre à jour dokumentasjon av fylkeskommunen sin gjennomgang av vesentleg finansiell risiko og dei interne kontrolltiltaka som skal sikre mot slik risiko

Vi meiner at våre kontrollhandlingar gir eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Vi meina at Sogn og Fjordane fylkeskommune har dokumentert forsvarlege rutinar for å vurdere og handtere finansiell risiko i samsvar med lov og forskrift og gjeldande reglement.

Denne uttalen er berre utarbeidd for det føremålet som er omtalt ovanfor og til fylkeskommunen sin informasjon, og skal ikkje brukast til noko anna føremål.

  
Anne Katrin Bøyum  
Revisor

  
Marianna Vara  
Oppdragsansvarleg Revisor